


## Etne - Enge ungdomsskule



Vestland  
fylkeskommune

## Bakgrunn

I 2019 vart ungdomstrinnet ved Enge skule flytta til dei tidlegare lokalane til Etne Vgs på Skakke. Bygget rommar også idrettshall, bibliotek, kulturskule i tillegg til kulturhusdelen, med idrettsanlegg på begge sider. Då ungdomsskulen flytta var det ikkje avsett tilstrekkeleg med midlar til at ein kunne prioritere å få på plass eit tilfredsstillande uteområde for elevane. Det ca. 2000 m<sup>2</sup> store uteområdet er ein asfaltert flate - utan tilbod til ungdommen. Forutan slitte ballbingar (Enge skule) og skatepark har Etnesjøen (Etne sentrum) heller ikkje eit anlegg for uorganisert idrett på fritida. Ungdomsskulen har ca. 120 elevar og det bur ca. 1000 personar i sentrumsområdet.



**Visjon: Kjekkare ute enn inne - eit aktivt knutepunkt for alle**

## Målgruppe

Ungdomsskuleeleverne er hovudmålgruppa. Skakkesenteret er hjarta i bygda, der dei aller fleste fritidstilboda føregår i eller i nærleiken av bygget og uteområdet. I tillegg er det i gåavstand frå omsorgssenter, Enge skule og Enge barnehage.

- Folkehelseprofilen viser dårleg trivsel på skulen i 10. klasse, og at ungdommen er lite nøgd med lokalmiljøet. Våre unge er mindre aktive og meir einsame enn snittet i fylket og landet, difor treng me eit gratis og inkluderande tilbod tilpassa alle.
- Elevane føretrekk å opphalde seg innandørs i friminutta.
- Har eit kompakt kultur og idrettsanlegg i kommunesenteret, men som manglar anlegg for lågterskel eigenaktivisering.
- Skakkesenteret er hjarta i bygda, der dei aller fleste fritidstilboda føregår i eller i nærleiken av bygget og uteområdet. Uteområdet til ungdomsskulen vil etter ombygging fungere som eit aktivt «venterom» for alle aldersgrupper, og eit levande knutepunkt mellom Skakke og nærliggande anlegg.
- Sidan uteområde også skal fungere for Skakke sine brukarar, må anlegget leggast til rette for sambruk med mellom andre Etnemarknaden ([www.etnemarknaden.no](http://www.etnemarknaden.no)) og Etne cup ([www.etnecup.no](http://www.etnecup.no)). I tillegg må ein kunne krysse området for å køyre inn sceneutstyr ved arrangement på kulturhuset. Denne sambruken gir oss utfordringar når uteområde skal utformast. Her treng me hjelp av gode rådgjevarar for å finne gode fleksible løysingar.

## Omfang/ areal

Arealet som skal nyttast er ein ca. 2000 m<sup>2</sup> stor asfaltert flate - utan tilbod til ungdommen. I randsona mot Etne stadion er det eit lite grønt belte som eventuelt kan trekka inn i prosjektet. Pr. i dag har uteområdet eit bordtennisbord og ei basketballkorg, samt nokre lause benkar og ei betongtrapp. Elevane føretrekk dermed å opphalde seg innandørs i friminutta.

